

Skalden frå Sæheim

9/2-77

DU MOR

Den allerfyrste smil eg såg
det var din smil, Du mor.
Då eg i vesle vogga låg
omlag ein neve stor.

Eg minnest dine smil då eg
i vaskevatnet låg.
So mildt og vart Du lauga meg.
Eg berre såg og såg.

Og når eg hadde fått mitt laug,
Du til ditt bryst meg la.
Der låg eg still og berre saug
og tykkte alt var bra.

Eg ikkje alltid fekk det til
med svevn den lange natt.
Då skimta eg din ljose smil
i lampeskinet att.

Din kjærleiksfyllte, gode smil
ditt mors-sinn spegla av.
Og maken din er ikkje til,
so langt som eg veit av.

Eg var nok brysam — takomtil —
— Eit sjølvråd lite troll —
Då var din tårevåte smil
mest som ein song i moll.

Johs. M. Rydland